



John William Kay

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/2231 - 16/16325

Saksbehandlar:

Arthur Kleiveland

arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:

30.12.2016

Svar på spørsmål i spørjetimen - John William Kay

Takk for ditt spørsmål til Spørjetimen i Radøy kommunestyre 8. desember.

Du stilte følgjande spørsmål:

Ifølgje ein artikkel i Nordhordland i fjor, har Radøy kommune 26 ladepunkt for ladbar motorvogn. Seks av desse står ved Velferdssenteret. Ein ser ofte at mange av ladepunkta vert sperra av fossilbilar, spesielt ved Velferdssenteret. Kva vil kommunen gjere for å hindre at ladepunkta vert sperra?

Rådmannen gav følgjande svar:

Parkeringsplassar med tilgang til ladepunkt skal sjølvsagt nyttast av ladbare kjøretøy og ikkje sperrast av andre. Kommunen vil vurdere tekst og utforming av skilt ved parkeringsplassar med ladepunkt, for å sjå om desse kan betrast. Kommunen har nyleg mottatt tilskot frå Hordaland fylkeskommune til etablering av fleire ladepunkt ved dei kommunale bygga, slik at ladeinfrastrukturen i kommunen totalt sett vert styrka.

Med helsing

Arthur Kleiveland

konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

John William Kay

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

